



>>> INFORMASJON FRÅ BYGLAND KOMMUNE <<<



BYGLANDSNYTT

Med hjarta i Bygland

**Bygland kommune ønskjer GOD JOL!**

BUDSJETT OG HANDLINGS- OG ØKONOMIPLAN 2026-2029

LES MEIR - S. 13 <<<

Vil du gje en julegåve til nokon som treng det? Eller er du barn og ønskjer deg ei julegåve? Da kjem julegåvetrea i Nedre Setesdal deg til nytte.

INNBYGGJARUNDERSØKING - VISIT SETESDAL



MERKETIDER DESEMBER 2025:

- Jolebading på Tangen; Bygland onsdag 24.12. kl. 12.30
- Oppvekstsentera, biblioteka og familiebadninga er stengde i veke 52 og 01/26
- Kommunehuset er stengt 24.12.2025 - 04.01.2026

>>> LES MEIR - S. 5-7

Kommunedirektøren kom med framlegg til budsjett for 2026 og økonomiplan for perioden 2026–2029. Framlegget blir handsama under kommunestyremøte 11.12.25.

JULEGÅVETREA I NEDRE SETESDAL

>>> LES MEIR - S. 4

Setesdal skal re-merkast som eit Berekraftig reisemål – og vi vil høyre di meining! Ver med i Innbyggjarundersøkinga til Visit Setesdal



ORDFØRAREN SI SIDE

HELING FRÅ ORDFØRAREN

ORDFØRAREN I BYGLAND,
RUNAR GRANHEIM

Kjære alle saman!

Desember og joletida er her.

For mange er adventstida fylt med forventning. Ein pyntar

hus og bygdene med ljøs, spis for mykje julegodt, syng jolesongar og gler seg til høgtida.

For mange er også jola ei tid for sakn og sorg, og nokre guar seg til denne tida.

Kjenner du nokre som du veit har det tungt så oppmodar eg deg om å ta ein ekstra telefon eller stikke innom for å høyre korleis det går.



På vegne av kommunestyret vil eg takke dei som er på vakt i jola, både i brannvesenet, politiet og i helsetenestene. Tusen takk for den jobben de gjer, de gjer det trygt å bu i Bygland kommune.

Eg vil også takke alle dykk som gjer ein innsats innafor det frivillige. Takk for at de skapar innhald, meining og felleskap

Det politiske året gjeng også mot slutten, og eg vil nytte høvet til å takke alle som er med i råd og utval for innsatsen og engasjementet!

Det same vil eg seie til administrasjonen i kommunen vår, takk for at de jobbar seint og tidleg og for at de legg ned så stor innsats for innbyggjarane våre!

Eg vil i år som i fjor minne om julegåvetrea, som ein vil finne utanfor Coop på Byglandsfjord og ved Joker på Bygland. På desse trea kan ein finne ønskelappar.

Ønskene er sendt inn frå born mellom 0 og 18 år

som kjem frå låginntektsfamiliar. For å bidra kan ein også vippse til nr 129064.

Med det vil eg ynskje dykk alle ei god joletid og godt nyttår. Ta vare på kvarandre!

Mvh Runar Granheim

Folketallet i Bygland øker SSB.no viser til vekst i befolkningen siste kvartal:
3. kvartal 2025: 8 personer. Folketallet i Bygland står no på 1166 innbyggjarar.

REDAKSJONSNOTAT BYGLANDSNYTT NR. 76

- **Ansvarleg redaktør:** Simon Ellingsberg - **Redaktør:** Susanne Hegenscheidt
- **Bilete:** Framside: Rundkjøringa på Byglandsfjord/Bygland kommune; Innhald (m.m. anna er spesifisert): A. Fauske, S. Hegenscheidt; Kva skjer: Hauststemning/Bygland kommune
- **Arkiv:** bygland.kommune.no/byglandsnytt

Byglandsnytt januar 2026: 06.01.2026, skrivefrist 29.12.

Send tips til post@bygland.kommune.no - merknad: Byglandsnytt



OPNINGSTIDER BYGLAND KOMMUNE

BYGLAND KOMMUNEHUS



- Sentralbord/Publikumsmottaket: tlf. 37 93 47 00 mån-fre kl. 10.00-14.00
- **Sentralbord/Publikumsmottaket er stengt 24.12.2025 - 04.01.2026**
- NAV: tlf. 55 55 33 33 - mån-fre kl. 08.00-15.00; **stengt 24.12.25-04.01.26**
- NAV Bygland: drop-in på torsdagane kl. 12.00-14.00; **stengt 25.12 og 01.01**
- **NAV Bykle er opent for drop-in som eneste i Setesdal 22.12 og 29.12.**

EVJE OG BYGLAND LEGESENTER



Sentrale: tlf. 37 40 79 00 - **Legevakt tlf. 116 117**
 telefontider mandag – fredag kl. 08.30 – 11.30 og kl. 13.00 – 15.00

- BYGLAND LEGEKONTOR, SENTRUM 18, 4745 BYGLAND
 tysdag og torsdag kl. 08.00 - 15.00; **stengt 23. og 25.12, og 01.01**
- EVJE LEGEKONTOR, LJOSHEIMVEGEN 5, 4735 EVJE
 mandag - fredag kl. 08.00 - 15.00; **stengetid i jola sjå Evje & Hornnes kommune si heimeside e-h.kommune.no**

EVJE TANNLEGEKLINIKK



Tilbod om tannbehandling får du på Evje tannklinikk.
 Evje tannklinikk: tlf. 37 93 01 95
 Nils Heglands veg 40, 4735 Evje (2. etasje til venstre)

FOLKEBIBLIOTEK I BYGLAND



Bibliotekar: Mari Rygg, tlf. 945 22 025
 Vi har eit godt utval av bøker, tidsskrift, lydbøker og filmar for alle. Vi har òg Setesdølen og bygdebøkane Bygland gard & ætt.

På Bygland er det høve å sjå vikingutstillinga og tinge vikingsmykke i biblioteket sine opningstider.

Stengt i veke 52 og 01 grunna vinterferie. Siste dag for i år er torsdag 18.12. (open på Bygland).

BIBLIOTEK PÅ BYGLAND, SENTRUM 16, 4745 BYGLAND

- måndagar kl. 10.00 - 14.00
- onsdagar kl. 10.00 - 16.30
- torsdagar kl. 09.00 -12.30 og 14.30 - 17.30

BIBLIOTEK PÅ BYGLANDSFJORD, STASJONSOMRÅDE, 4741 BYGLANDSFJORD

- måndagar kl. 16.30 - 19.00
- tysdagar kl. 9.00 - 14.30





POLITISKE MØTE - DESEMBER 2025



• **Kommunestyremøte: 11.12. kl. 09.00**



Livestreaming av og lydfiler frå kommunestyremøte

Vi ønskjer å vere ein open og transparent kommune. Difor blir kommunestyremøta streama direkte. Du kan og finne opptak frå tidlegare møte under Politikk og innsyn på heimesida vår: **bygland.kommune.no**

INNBYGGJARUNDERSØKING VISIT SETESDAL

Setesdal skal re-merkast som eit Berekraftig reisemål – og vi vil høyre di meining!

Reiselivet i Setesdal er i stadig utvikling, og no står vi ved eit viktig vegskilje: skal vi sikre at denne utviklinga skjer på ein måte som tek vare på både natur, kultur og lokalsamfunn?

Korleis opplever du reiselivet i Setesdal?

Kva fungerer godt?

Kva utfordringar ser du?

Kva bør vi satse på framover for at reiselivet skal vere berekraftig – til det beste for både innbyggjarar og gjester?

Bruk nokre få minutt på å svare på undersøkinga og bidra til framtidens Setesdal.

Di stemme er viktig – saman kan vi forme eit reiseliv som er levande, inkluderande og berekraftig.

Her kan du svare på under søkinga <https://no.surveymonkey.com/r/LBHSYXT>



Bruk denne QR-koden

RÅDET FOR ELDRE OG PERSONAR MED FUNKSJONSNEÐSETTINGAR

JOLEBORD FOR PENSJONISTANE I BYGLAND

torsdag 11.12., kl. 18.00 på Revsnes hotell, Byglandsfjord

Plassene til jolebordet for pensjonistane er utboka. Vi gleder oss til ein fin kveld med dykk på Revnes!

STRØSAND/SINGEL TIL PENSJONISTER

Henting av strøsand hos Teknisk drift på Nesmoen.


Treng du som er pensjonist strøsand kan du hente gratis hos teknikk stasjonen til Bygland kommune på Nesmoen. Vi tilrårer att du henter strøsand i god tid før frosten biter seg fast. Er strøsandforrådet tomt tek kontakt med teknisk sjef **Trond Skjeggedal** på tlf. **94 82 60 03**



**JOLEBORD FOR
PENSJONISTANE
I BYGLAND**



Rådet for eldre og personer med funksjonsnedsettingar inviterer til JOLEBORD
På Revsnes Hotell **TORS DAG 11. DESEMBER**
KL 18.00



ØKONOMI

Budsjett 2026 og handlings- og økonomiplan 2026-2029 – kommunedirektøren sitt forslag

Kommunedirektøren legg no fram framlegg til budsjett for 2026 og økonomiplan for perioden 2026–2029. Dokumentet byggjer på gjeldande økonomiplan og oppdatert informasjon frå statsbudsjettet, kombinert med nye vurderingar av Bygland kommune sine egne føresetnader.



Verda rundt oss er prega av uro, krig og økonomisk uvisse. Dette påverkar også kommunane. Høgare prisar, renter og driftskostnader gjer at mange kommunar no opplever press på økonomien. For små distriktkommunar som Bygland, med avgrensa arbeidsmarknad og svingande kraftinntekter, er dette ekstra krevjande.

For 2026 legg kommunedirektøren fram eit budsjett som ikkje er i balanse. Utgiftene aukar meir enn inntektene, og det vil krevje både omstilling og klare prioriteringar i åra som kjem. Omstillinga handlar om å bruke ressursane klokt og målretta – og om å velje kva som er viktigast for innbyggjarane våre.

Sjølv om økonomien er stram, har kommunen eit godt utgangspunkt. Gjennom program som Bygg Bygland og levekårssatsinga blir det arbeidd målretta for å styrke både tenestene og lokalsamfunnet. Bygland har dyktige medarbeidarar og ei organisering som gir grunnlag for vidare utvikling, sjølv i ei tid med krevjande rammevilkår.

Målet er at Bygland også i framtida skal vere ein trygg, inkluderande og berekraftig kommune – der det er rom for både vekst og trivsel.

I dei neste avsnitta står det i korte trekk om budsjett for 2026 og økonomiplan for 2026-2029.

Eit driftsbudsjett i ubalanse – stor reduksjon i utbytte, framleis høge utgifter

I 2026 er det budsjettert med bruk av ordinært disposisjonsfond på 4,4 mill. Dette vil seie at kommunen sin økonomi er i ubalanse, og ikkje berekraftig, trass i at inntektene framleis er relativt høge. Allereie i 2026 er det føreslege store rammekutt, både i Oppvekst og kultur og Helse og omsorg, kor kutta er på 1,5 mill. i kvart område. Kommunen har med andre ord ein stor jobb å gjere, berre med å få budsjettrammene ned på nivået som er budsjettert med. Nasjonale statistikkar viser uansett at kommunen har eit generelt høgt kostnadsnivå. Til dømes Kommunebarometeret 2025 plasserer kommunen på ein 340. plass av dei 357 kommunane i Noreg når det gjeld kategorien kostnadsnivå. Kommunen har høge inntekter i forhold til landsgjennomsnittet, men ikkje høge nok til å forsvare det driftsnivået som er no.

Den allereie varsla reduksjonen i utbytte frå Å Energi, er den enkeltfaktoren som svekker totalramma for kommunen mest frå 2025 til 2026. Her er det snakk om ein reduksjon på nesten 10 mill. På utgiftssida er det barnevernsutgiftene som skil seg mest ut i negativ retning, både i form av stor auke og generelt veldig høge utgifter. Enkeltsaker kan få stort utslag innanfor dette området, og f.eks. ein plassering på institusjon kostar kommunen om lag 2,5 mill.



ØKONOMI - BUDSJETTFORSLAG 2026

Barnevernsbudsjettet er på dryge 9,7 mill. i 2026, og også i denne summen ligg det ein viss usikkerheit for at det kan bli endå meir. Kommunen har høgast barnevernsutgifter per innbyggjar 0-24 år av alle kommunane i Agder, og er på 330. plass i Kommunebarometeret på kostnadsnivå innanfor barnevern.

Store rammekutt i heile perioden 2026-2029

Oppvekstsektoren hadde ei veldig stor auke i budsjettet frå 2024 til 2025, heile 23 % når kostnadsveksten var rundt 4 %. Etter det blei kjend at utbyttet frå Å Energi ville gå kraftig ned i 2026, har sektoren klart å redusere med litt over to årsverk, trass i at barnehagane har hatt behov for å auke årsverka grunna fleire barn, og for å følgje bemanningsnorma. Det er likevel framleis ein stor jobb å gjere for å få sektoren ned på eit berekraftig utgiftsnivå. Kommunebarometeret viser at spesielt grunnskulen har eit høgt kostnadsnivå samanlikna andre kommunar. Kommunen hamnar på 338. plass når det gjeld kostnadsnivå i grunnskulesektoren.

Helse- og omsorgssektoren har ikkje fått redusert utgiftene i løpet av 2025, snarare tvert i mot har det vist seg at utgiftene, reelt sett, er høgare enn ein budsjetterte med. Spesielt pleie- og omsorgsdelen av sektoren har høge utgifter, i følgje Kommunebarometeret, som plasserer kommunen på 312. plass når det gjeld kostnadsnivå innanfor pleie og omsorg. Det skal seiast at kommunen derimot ligg lågt på kostnadsnivå når det gjeld helsedelen av sektoren, her er den faktisk på delt 1. plass. Pleie- og omsorgsdelen har hatt ei auke på om lag eitt årsverk årleg sidan 2020. Med pensjon og arbeidsgivaravgift tilsvarar ei 100 % stilling om lag kr 700.000-800.000.

Basert på at begge sektorane har eit høgt netto utgiftsnivå samanlikna med landsgjennomsnittet, og at ein ser at det har vore ei betydeleg auke i årsverk berre dei siste åra, er det ikkje urealistisk at sektorane kan kutte betydelege summar, men det vil uansett bli veldig krevjande. Det er lagt inn følgjande rammekutt for økonomiplanperioden:

Rammekutt i mill. kr	2026	2027	2028	2029
Oppvekst	1,5	2	2	2
Helse og omsorg	1,5	2	2	2

Høgt investeringsnivå, spesielt innanfor veg og avløp

Per 01.01.25 er kommunen si langsiktige gjeld 69 % av driftsinntektene, under måtalet som er maks 75 %. For 2026-2029 er det lagt opp til fleire store og nødvendige investeringar som gjer at nøkkeltalet for gjeld aukar til om lag 83 %, ekskl. startlån, altså over måtalet. Det største prosjektet gjeld oppgradering av avløpsnett på Byglandsfjord, som er budsjettert med nesten 11 mill. totalt i perioden, men, som for alle andre prosjekt, prøver ein å budsjettere med eit "worst case"-scenario, så det er håp om både dette prosjektet og andre prosjekt kan bli noko billigare enn budsjettert. F.eks. det nemnte prosjektet på Byglandsfjord er også eit av mange prosjekt som skal prosjekterast først, før ein veit meir nøyaktig kor mykje ein må setje av i budsjett.



ØKONOMI - BUDSJETTFORSLAG 2026

For ein del prosjekt er det lagt inn anslag sjølv om ein ikkje har prosjektert, rett og slett for å gi ein pekepinn på investeringsutgiftene som kjem i framtida.

Oppgradering av kommunale vegar er lagt inn med 5,8 mill. over fire år. Sandnesvegen er først ut. I tillegg så ligg det inne årlege summar til rehabilitering av kommunale bruer frå 2027 til 2029. Andre større prosjekt er bruksendring og oppgradering av Pakkbua (3 mill. totalt, prosjektet er under prosjektering), turveg på Byglandsfjord (3 mill. totalt, prosjektet er under planlegging) og gjere tomtene i Fjellvegen på Byglandsfjord byggeklare (1,5 mill., utsett til 2028).

Uansett så er ikkje dette investeringsnivået berekraftig på det nivået det ligg på nå, så ein må prioritere hardt også innanfor investeringsbudsjettet i åra som kjem, og, viss mogleg, redusere utgiftene her også.

SAMFUNN

VASSMÅLARAVLESING DESEMBER 2025

No nærmar det seg tid for å lese av vassmålaren.

Varsel vert sendt på SMS til mobiltelefonen din i starten av desember. Nummeret ditt vert henta frå offentlege register.

Du svarer enkelt ved å skrive inn målarstanden. Ikkje ta med raude tal eller tal bak komma.

Dersom du skriv feil, kan du sende inn ny melding med rett målarstand. Det er den siste avlesinga som gjeld for avrekninga.

Dei som ikkje får SMS, vil få avlesingskort i posten. På kortet kan du oppgje mobilnummer dersom du heller ønskjer å få SMS ved neste avlesing.

Du kan òg fylle ut vassmålarskjema som ligg på heimesida til kommunen.

Dersom du ikkje les av målaren, kan kommunen fastsetje årsgebyret skjønnsmessig.



Utsmykking av rundkøyringa på Byglandsfjord

I 1896 fekk Setesdalsbanen endestasjon på Byglandsfjord, og same året byrja dampbåten Bjoren, bygd i 1866, si ferd på fjorden. Desse satsingane la grunnlaget for vekst og utvikling i bygda, og endra transport, handel og industri i Setesdal på ein gjennomgripande måte.

Installasjonen i rundkøyringa, som består av eit anker og eit jernbanehjul, er eit symbol på denne historia.

Denne veka har Gunnar Haugå og Svern Uleberg frå uteseksjonen lagt siste hand på verket. Gunnar Andersen var med i prosjektet i starten. Og no har me avslutta eit svært vellukka prosjekt.

Statens vegvesen, ved byggeleiar Torgeir Hodne, har teke ansvar for og kostnad av trafikksikkerheitsarbeid slik at arbeidet vart utført på ein trygg måte.

Bygland kommune set stor pris på at Vegvesenet ser verdien av forskjøning langs riksvegen som går gjennom kommunen vår.



HELSE OG OMSORG



Desember

Tysdag 2/12 14:00
Onsdag 3/12 11:00
Torsdag 4/12 14:00
Onsdag 10/12 11:00
Onsdag 10/12 16:30
Mandag 15/12 09:00
Tysdag 16/12 14:00
Onsdag 17/12 11:00
Torsdag 18/12 11:00

Tirsdag 23/12 09:00
Onsdag 24/12 13:00

Andakt med Tove
Open Dag
Besøksvenn – Julesmaker
Open dag
Julekonsert Frode Moltemyr
Fotpleie kommer
Andakt med Kristine
IKKE OPEN DAG!!
Open Dag –
Pårørendelunsj med julekonsert
Frisøren kommer
Juleandakt med Kristine



Juleandakt

Onsdag 24 Desember kl 13.00
Byglandsheimen

Kristine Borgen

tar oss med inn i
Juleevangeliet

BYGLANDSHEIMEN OPEN DAG & PÅRØRENDE JULELUNSJ

18 DESEMBER

Byglandsheimen kl. 11.00

BYGLANDSHEIMEN INVITERER TIL JULELUNSJ MED JULEKONSERT
MED KENNETH OG EN OVERRASKELSE ARTIST.
PÅMELDING TIL KENNETH PÅ 90225503 ELLER EPOST
KENNETH.SAHLSTEN.FYHN@BYGLAND.KOMMUNE.NO
INNEN 11 DESEMBER.
BYGLANDSHEIMEN SPANDERER LUNSJEN FOR 1 PÅRØRENDE PER BEBOER.



KULTUR

**Biblioteket**


På biblioteket på Bygland kan ein sjå denne fine kopien av Hylestadportalen, utskore i tre av Jon Sandbu. Det er Vidar Toreid som har lånt ut portalen til kommunen. Hylestad stavkyrkje vart rive på 1600-talet, og det er ikkje mykje ein veit om denne stavkyrkja i dag. Men stavkyrkja er likevel vidgjeten på grunn av Sigurd Fåvnesbanemotiva på den eine av dei to kyrkjeportalane som vart teke vare på ved at dei vart sette inn i andre bygningar, og difor kunne innlemmast på 1800-talet i samlingane til Universitetets Oldsaksamling i Oslo.

**Bygdekino: Ekstra framsyning 03.12.**

Det vert sett opp ei ekstra framsyning på Bygdekinoen i desember. Klokka 12 onsdag 3.12 er det mogleg å få med seg filmen **Bak fiendens rygg-Milorg i Agder 1943-45**. Dette er forteljinga om korleis unge gutar i dei indre bygder av Agder vart trukke inn i krigen og deltok i arbeidet med å bygge opp motstandsgruppa Milorg. Jobben var å ta imot flyslipp av våpen og sprengstoff, distribuere det vidare og bygge ein geriljahær som skulle aktiverast dersom dei allierte valde å invadere Noreg i krigens siste dagar. Ein lokal dokumentarfilmproduksjon.

**Ungdomsklubben**

Den 4.12 er det eitt år sidan ungdomsklubben flutte inn i nye lokalar, og husstyret i klubben seier at dei er godt nøgd med lokalet. Det har vore litt dårleg akustikk, og arbeidslivsfag-gjengen på Bygland skule har brukt våren til å bygge ein akustikkvegg. Denne er no på plass, og lyden er blitt mykje betre. Kulturskulen har begynt å bruke lokala i andre etasje til øvingane sine, og dette er ein svært positiv sambruk av lokala. Den 15. og 17.12 skal ungdomsklubben ha joleverkstad.





OPPVEKST



GRINDVEV VED BYGLAND SKULE

5.-6.klasse ved Bygland skule har i haust jobba med grindvev i kunst og handverk. Dette er ein gamal veveteknikk som vart bruka til band og belter.

Elevane har valt fargar, laga renning tredd grinda. Det har vore mykje arbeid av elevane før dei kunne starte sjølve vevinga, og dei fekk kjenne på mange føleleser.

Men så var elevane komet godt i gong og fekk prøve ut å veve litt rundt omkring.

UNGDOMSRÅDET FOR PERIODEN 2025-2027

Ungdomsrådet i Bygland har konstituert seg og består av fem hovudrepresentantar og tre varamedlem. I dei komande åra er det desse ungdomane som skal arbeide for gode vilkår for barn og unge i kommunen. Ved votering vart det avgjort at Selma Jacob Granheim er leiar og Jenny Feed Lunden er nestleiar for rådet.

Ungdomsrådet har kjønnsbalanse og god spreiding i alder frå 13 til 18 år. Når det kjem til geografisk tilhørsle, er representantane spreidd frå Byglandsfjord i sør, vidare til Longerak, Bygland og Åraksbø i nord.

Koordinatoren Anette Hovstad ser fram til ein spennande arbeidsperiode med denne fine ungdomsgjengen.

Bilete:

Frå venstre bak: Elias Greibrokk Heggernes, Emilian Dale Eklund, Solfrid Fauske Langfeldt, Jenny Feed Lunden, Selma Jacob Granheim og koordinatoren Anette Hovstad.

Frå venstre foran: Mathias Larsen Nomeland, Ellinor Langhelle Åsen og Linea Vegusdal Hills.



JOLEFERIE

Siste skuledag: fredag 19. desember.

Første skuledag i 2026: måndag 5. januar



**Bygland kommune ønskjer
alle born i barnehagene og skulene,
saman med alle flinke tilsette i
oppvekstsentrera,
God Jol og god juleferie!
Vi ønskjer dykk familiekos og
god julestemning!**





BYGLAND FRIVILLIGSENTRAL OG BUA BYGLAND



Bygland frivilligsentral og BUA Bygland

Besøksadresse: Prestneset 2, 4745 Bygland

Postadresse: Sentrum 18, 4745 Bygland

e-post: post@bygland.frivilligsentral.no; bygland.frivilligsentral.no

Leiar: Anne Fauske, tlf. 94 51 07 70

Foreningsportalen: bygland.foreningsportal.no



Opne aktivitetar

- BUA Bygland (utstyrssentralen), bua.io, tlf. 94 50 28 58
- Utkøyring av middag to gonger i veka
- Innsats for andre, valfag for 8 klasse: Kan tilby praktisk hjelp heime.

Aktivitetar på Frivilligsentralen på Bygland

- **Måndagscafé**: måndagar i oddetalsveker kl. 12.00 - 14.00 (ferdig for sesongen)
- **KREATIV**: kvar onsdag kl. 15.30 - 17.30 (siste i 2025: 03.12.)
- **Bygdemiddag**: tysdagar i oddetalsveker kl. 16.00 - 17.30 (ferdig for sesongen)
- **Bingo**: tysdagar i partalsveker kl. 18.00 - 20.00 (siste i 2025: 09.12.)
- **Strikkecafé**: 1 og 3 torsdag i månaden kl. 18.00 - 21.00 (onsdag den 10.12. kl 18 på Brygga. Påmelding til Solveig innan den 07.12. Julegraut. Oppstart 8. januar)

Aktivitetar i Byglandshallen

- **Styrketrening** i Byglandshallen: kvar torsdag kl 13.00 - 14.30 (siste 12.12. - avslutning på biblioteket med kake og kaffi)
- **Teppebowls**: torsdagar i oddetalsveker kl. 17.00 (ferdig for sesongen; oppstart 15.jan.)

Aktivitetar andre plasser

- **Seniorsenter**: annakvar måndag, kl. 11.00 - 14.00 – Pakkbua på stasjonsområdet, Byglandsfjord (siste i 2025: 08.12.)
- **Bygland Mekkeklubb**: måndagar kl. 17.00 - 20.00, Nesmoen 3, Bygland (siste 15.12.)

BYGLAND UNGDOMSKLUBB

Klubbleiar: Kim Andre Nomeland Thorstensen, tlf. 984 69 989

Bygland ungdomsklubb, Sentrum 24, 4745 Bygland

- Måndagar: Juniorklubb (5 - 7 klasse; kl. 15.00 - 17.45)
- Onsdagar: Ungdomsklubb (8 klasse - 3. vgs; kl. 18.00 - 21.00)
- Fredagsklubb i Årdalshallen, Byglandsfjord: 5.-7.trinn (kl. 18.00 - 21.00); **siste i 2025: 28.11.**

Følg med på Bygland ungdomsklubb si Facebook-gruppa for arrangement.

Med etterhald om endringar, v/ Husstyret og klubbleiar





BYGLAND
FRIVILLIGSENTRAL
OG BUA BYGLAND



FRILUFTSLIVETS ÅR – STATUS OG TAKK

Så langt er det gjennomført 16 arrangement i Friluftslivets år, med deltaking frå 279 personar i alle aldrar – frå barnehagebarn til seniorar. Aktivitetane har vore spreidde over Bygland, Byglandsfjord og Grendi. Det står att to arrangement: feiring av frivillige 4. desember og akedag i Bjørndalslia. Tusen takk til alle frivillige arrangørar og deltakarar! Alle arrangørane er inviterte til feiringa på Revsnes Hotell.



SOMMARTILBOD FOR BARN

For første gong arrangerte Bygland Frivilligsentral og BUA sommarjobb for ungdom kombinert med 3 veker aktivitetstilbod.

5 ungdomar i jobb: Selma Jacob Granheim, Solfrid Fauske Langfeldt, Iselin Von Hafenbrådle, Jorunn Skjevrak, Abdulmomen Alkadi.

15 aktivitedagar med kokkeskule, toppturar, kano, fotballturnering, frisbeegolf, SUP, sykkelstur, natursti, kreativ verkstad, fisketur, BUA open dag og meir.

Totalt 235 oppmøter av barn frå 2. til 8. klasse. Ungdomane gjorde ein strålande innsats for å gje barn ein aktiv sommar!



FRILUFTSSKULE VED MIDT-AGDER FRILUFTSRÅD

11.-13. august arrangerte Midt-Agder friluftsråd på nytt friluftskule for barn i 5.-7 klasse i Bygland. Tilbodet var svært populært og barna hadde det kjempe gøy!

BUA-BILEN ER POPULÆR!

Sidan den kom på plass i haust, har bilen vore lånt ut rundt 30 gonger, og Byglandsheimen brukar han fast to gonger i veka.

Kven kan låne?

- Lag og foreiningar: gratis
- Privatpersonar: 3 kr per km (Vipps etter innlevering)
- Lading og parkering utanfor kommunehuset må ein dekke sjølv.

Slik låner du:

Kontakt dagleg leiar på Frivilligsentralen (tlf. 945 10 770) på dagtid eller BUA-vakta (tlf. 945 02 858) på kveldstid. Du signerer for ansvar og avtalar retur.

Vinterlagring:

Bilen står i garasje nedanfor barnehagen på Bygland, med innandørs lading.





BYGLAND FRIVILLIGSENTRAL OG BUA BYGLAND



BYGLAND KOMMUNE STARTAR ARBEIDET MED FRIVILLIGPOLITIKK

Kommunestyret vedtok i haust å setje i gang arbeidet med ein frivilligpolitikk. Bygland Frivilligsentral leiar prosessen, og har fått 100 000 kr frå Agder fylkeskommune til arbeidet. Midlane kan nyttast til kjøp av tenester.

Målet er å lage eit dokument som synleggjer frivillig innsats, peikar på utfordringar og moglegheiter, og gjev insentiv for å styrkje frivilligheita. Dokumentet skal opplevast som frivilligheita sitt eige.

Oppstartsmøte

Det er halde eit møte med brei deltaking: om lag 25 personar som representerer rundt 30 lag og foreiningar, i tillegg til politikarar og ordførar. Her kom gode innspel til innhaldet og vegen vidare. Ei referansegruppe er sett ned med representantar frå ulike lag, seniorar og snart ungdomsrådet.



JULEGÅVETREA ER SNART PÅ PLESS!

Jolegeåvetrea kjem opp denne veka. På trea heng det lappar med ynskje som du kan oppfylle. Sjå under for korleis du kan gje ei gåve eller ønskje deg ei gåve.

Vil du gje en julegåve til nokon som treng det?

1. Finn eit tre:

Bygland: Joker Bygland; Evje og Hornnes:

Unik eller julebodene; Åseral: Omatt bruktbutikk

2. Tak ein ønskjelapp. 3. Kjøp gåva.

4. Lever gåva til Joker Bygland, Bygland Frivilligsentral eller til nokon av dei som er nemnt under. Gåva skal ikkje pakkast inn, men send gjerne med gåvepapir, band og til-frå-lapp.

5. Legg med lappen du tok ned frå treet slik at vi veit kven som skal ha gåva.

6. Er det fleire ynskjer på ein lapp er det ikkje nødvendig å kjøpe alt. Gåvene skal ikkje koste meir enn 500 kr.

Du kan gi pengar om du ikkje kan handle gåve sjølv, men har lyst til å bidra. Vipps til 129064 og merk med «julegave».



Til deg som har eit ønskje (gjeld for born):

Du kan melde inn ønskje på sms på tlf: 94510770. Me har taushetsplikt. Meld inn ønskje og alder. **Frist: 12. desember**

God jol og tusen takk

Byglandsfjord Grendelag, E&H Sanitetsforening, E&H Frivilligsentral; Bygland Frivilligsentral, Åseral Frivilligsentral, Norkirken Evje, Kirkene i Evje og Hornnes.

Foto: Frelsesarmeen.no



BYGLAND OG ÅRDAL SOKN

Bygland Kyrkjelege Fellesråd

Sentrum 18, 4745 Bygland

bygland.kyrkje.no og på Facebook

- Sokneprest: Kristine Borgen: 473 28 472
- Kyrkjevevjerje: Anne Synnøve Ropstad: 90 91 66 64
- Prostidiakon: Åse Gudrun Thortveit: 91685159



GUDSTENESTE

- **sundag, 30.11. kl. 20.00, Årdal kyrkje, Grendi - Ljosmesse**

JOLEHØGTID

- **onsdag, 24.12.**
 - kl. 13.00 Gudsteneste på Byglandsheimen
 - kl. 14.00 Gudsteneste i Bygland kyrkje
 - kl. 16.00 Gudsteneste i Årdal kyrkje, Grendi
- **torsdag, 25.12.**
 - kl. 16.00 Høgtidsgudsteneste i Sandnes kyrkje, Åraksbø



ANDAKT PÅ BYGLANDSHEIMEN

- **tydsdag, 02. og 16.12. kl. 14.00**



OLAV NILSEN GÅR AV SOM KYRKJEVERJE

Bygland og Årdal sokn takka Olav Nilsen for fantastisk innsats med festkveld på Vonheim 16.11. - Her deler vi to takkeord frå Kyrkjebladet 04/2025 (kortversjon):

Tida er komen for at Olav Nilsen blir pensjonist. Han har gjort ein stor innsats for Bygland – både administrativt og sosialt. Olav har lagt til rette for konsertar med store artistar, arrangert turar innanlands og utanlands, og knytt vennskapsband på reiser til Danmark og Tyskland. Som kyrkjevevjerje har han kartlagt alle seks kyrkjegardane, sikra godt vedlikehald av kyrkjene og hatt full kontroll på rekneskapen. Han har også vore drivkrafta bak kyrkjebladet, fylt med bilete og gode historier.

Olav er kjent for kaffikoppen og praten – alltid tid til folk og omsorg for medarbeidarane. No trekkjer han seg tilbake, men held fram med Bibel- og naturcamp, turar og konsertar, og syng i Vonheimkoret. - Tusen takk, Olav, for alt du har gjort for kyrkja og bygda!

Anne Synnøve Ropstad

Olav Nilsen har vore kyrkjevevjerje i Bygland i 18 år. Han har styrt økonomien med stø hand, halde kyrkjene i god stand og oppdatert kyrkjegardsregisteret.

Olav er glad i musikk og har fått til flotte konsertar med artistar frå både Noreg og utlandet. Han har også vore primus motor for Bibel- og naturcamp på KVS Bygland, og arrangert turar til Spania, Wien, Danmark og fleire stader i Noreg.

Eg er takksam for å ha lært Olav å kjenne, og gler meg over at han held fram i Vonheimkoret.

Vensam helsing Knut Gakkestad



»»» TØMEKALENDER FOR BYGLAND KOMMUNE

SØPPELTØMING - DESEMBER 2025

- Matavfall og restavfall: veke 50: torsdag 11.12.
- Papir og plast: veke 52: tysdag 23.12.
- Matavfall og glass/metall: veke 51: fredag 19.12.



GJENVINNINGSTASJONER

- Nesmoen, Bygland: kvar 2. onsdag i månaden kl. 14.00–18.00 (10.12.) og 4. laurdag i månaden kl. 10.00–13.00 (**stengt i romjola, 27.12.**)
- Syrtveit, Evje: Fri levering av sortert hushaldningsavfall tysdag kl. 08.00–14.30, torsdag kl. 08.00–19.00 og 2. laurdag i månaden kl. 10.00–13.00 (13.12.)

Setesdal Miljø og Gjenvinning IKS. e-post: post@smg-iks.no; heimeside: www.smg-iks.no, tlf.: 901 94 724

KINO PÅ BYGLAND - DESEMBER

BYGDEKINOEN PÅ BYGLAND KULTURSCENE

Kiosk: Framsteg 4H

ONSDAG 3. DESEMBER

KL. 17.30: HVIS INGEN GÅR I FELLA

6 år. 110 kr. Komedie / Familiefilm

KL. 19.30: STARGATE - EN JULEFOTELLING

9 år. 130 kr. Drama / Familiefilm

EKSTRA FRAMSYNING KL. 12.00: BAK FIENDENS RYGG - MILORG I AGDER 1943-45

9 år. 130 kr. Drama / Familiefilm

BYGLAND FILMKLUBB PÅ BYGLAND KULTURSCENE

SUNDAG 07. DESEMBER

kl. 19.00: Clockwise (1986) Inngong: 50 kr;

Medlemskap kjøpes i døra.



TURISTINFORMASJON PÅ BYGLAND I STOGA KAFÉ

Presteneset 10, 4745 Bygland, tlf. 906 65 459

Stoga A/S leverar turistinformasjonstenesta i Bygland. Her får du informasjon og turtipps til lokale og turistar, kulturarrangement, is, snacks og kaffe. I tillegg til kafé og turistinformasjon, arrangerer Stoga guida turar på førespurnad over heile kommunen. **Guide/turistvert: Olav Grendstad.**

Ope fredagar og sundagar kl. 13.00 - 20.00





YMSE >>> ADVENT

**JOLEMARKED I OSE GRENDEHUS
LAURDAG 29. NOV. KL. 11.00 -16.00**



**JULEKONSERT
LYS I MØRKET, BYGLAND KYRKJE
LØRDAG 6. DESEMBER. KL. 19.00**



**ADVENTSFEST PÅ BYGLANDSFJORD
OG I ÅRDALSHALLEN
SUNDAG 30. NOV. KL. 16.00 -18.30**



**JOLESTEMNING MED
KONG HANES EFTF.
& VENER
I BYGLAND KYRKJE
SUNDAG 14.12.2025 KL 17.00
BILLETTSAL I DØRA – KR 150 FOR VAKSNE**





YMSE >>> ADVENT OG ROMJOLA KONSERT PÅ UNGDOMSHUSET PÅ BYGLAND



Rakkel er ei folkemusikkgruppe som har sett saman eit musikalsk joleprogram bestående av jolesonger frå ulike folkemusikktradisjonar. Konsertprogrammet inneheld både velkjende og mindre kjende tonar frå Norden, Europa og Amerika, som gjenspeiler våre internasjonale røtter. Det er tredje året på rad Rakkel turnerer med jolekonsertar i Telemark og Setesdal. Her blir det preg av harpestrenger, fløyte- og feletonar og klokkeklar song. Rakkel er: Lovise Espeland, frå Bergen Maija Lindaas, frå USA (no Setesdal) Flora Wiederkehr, frå Austerrike (no Rauland i Telemark) Gló Einarsdóttir, frå Island (no Rauland i Telemark)

VONHEIMKOR I SANDNES KYRKJE




Me syng jola inn

Sundag 21. desember kl. 18.00
samlast me til songkveld i
Sandnes kyrkje Åraksbø.

Vonheimkoret vert med
som i alle år.

SETESDALSMUSEET PÅ RYSSTAD



1 søndag i advent 30. november,

14.00 - Stort joleverkstad - kom å lag
jolepynt med oss!

16:30 - Jolegrantenning og fakkeltog til
kyrkja

17:00 - Ljosmesse i Hylestad kyrkje
Bygdekvinnelaget sel pølser, mykje kaker
og kaffi.

Utstillingane er ope, og det er fri inngong!
Velkomen til ein koseleg familiedag på museet

Setesdalsmuseet






YMSE

BOKLANSERING

Fredag 12. desember kl. 18.00,
Åraksbø grendehus.

Hovassåna - krafta i elva.

Av Geir Daasvatn, Bjarne Nordgarden, Knut Gakkestad, Knut Haugetveit, Olav Lidtveit og Olav Øygarden.



JOLEBAD ONSDAG 24. DESEMBER
VED BJOREN BRYGGE,
PRESTENESET, BYGLAND

I ÅR SOM I FJOR:
KATTEVASK FØR JOLEKVELDEN!
MØT OPP 12:30,
SÅ SPRING ME UTI 12:35

KOM OG VER MED - ELLER HEIA PÅ
JOLEVIKINGANE.

ARRANGØR: BYGLAND BADELAG



ROMJOLSTURNERING
VOLLEYBALL MIX-TURNERING I
BYGLANDSHALLEN

SUNDAG 28. DESEMBER. KL. 10:00

PÅMELDING OG MEIR INFORMASJON
PÅ FB-GRUPPA
ROMJULSTURNERING BYGLAND
2025,
ELLER TIL ANITA (99230319), ELLER
RODRIGO (94007577).

MERK PÅMELDING MED LAGNAV
OG LAGLEIAR.



Røysa

(Melodi: Gryta hennar mor)

Eg har så mange minne ifrå mi barndomstid,
Dei kjem til meg så ofte når det mot kvelden lid,
Og eit av desse minna så klart i hugen står,
Dei mange gode stunder der bortpå røysa vår.

Ref.: Her på røysa vår, her på røysa vår
Eg har så mange minner, her på røysa vår

I dag skal allting samlast til kostbar søppelfrakt
Og allting skal sorterast, det har kommunen sagt.
Nå må det snart bli slutt på miljøvernsnakk og tøys,
Så me kan få tilbake den gamle, gode røys.

Ref.: Her på røysa vår ...

Her ligg den gamle syklen me arva etter far,
Den er litt skreiv i ramma, og bulkete og rart,
Eg minnes denne tid, det var då inga sak,
Dei minste to på stonga, og to-tre stykker bak.

Ref.: Her på røysa vår ...

Den gamle ektesenga med dobbel springmadrass,
Ho var til mykje kvile og mykje elskovspas,
Nå ligg ho her på røysa, så sundslegen og skral,
En eg, eg veit ho bidrog til auka folketal.

Ref.: Her på røysa vår ...

Eg ynskjer at me alle har kvar vår vesle røys,
Som ligg der full av minner og alvor, skjemt og tøys.
Så mykje har eg mista, så mykje har eg hatt,
Men her på denne røysa, her finn eg noko att.



Med alderen kjem ettertanke,
nostalgi og takksemd.

Kven minnes ikkje dei gode
opplevingane på røysa vår –
eller naboens?

Så har me vel alle ein mental
røys på godt og vondt.

Finn fram det gode, og gled
deg over det i jola 2025.

Svein Kleivane





KVA SKJER I BYGLAND DESEMBER 2025

(MED ATTERHALD OM ENDRINGAR)



>> **GOD JOL!** <<

DATO	ARRANGØR OG STAD	TID	KVA SKJER
laurdag 29.11.	Bygland husflidslag	kl. 11 - 16	Jolemarked på Ose
sunddag 30.11.	Coop Byglandsfjord grendelag; Årdalshallen	kl. 16 - ca 18.30	Adventsfest på Byglandsfjord
sundag 30.11.	Årdal kyrkje, Grendi	kl. 20	Ljosmesse
tysdag 2+16.12.	Byglandsheimen	kl. 14	Andakt
onsdag 03.12.	Bygdekinoen, Bygland kulturscene Bygdekinoen, Bygland kulturscene	kl. 17.30	Film: Hvis ingen går i fella
onsdag 03.12.		kl. 19.30	Film: Stargate - en julefortelling
laurdag 06.12.	Bygland kyrkje	kl. 19	Julekonsert med Sørlandet Pilegrimskor
sundag 07.12.	Bygland filmklubb, Bygland kulturscene	kl. 19	Film: Clockwise (1986)
onsdag 24.12. jolaften	Byglandsheimen	kl. 13	Gudsteneste
	Bygland kyrkje	kl. 14	Gudsteneste
	Årdal kyrkje, grendi	kl. 16	Gudsteneste
torsdag 25.12.	Sandnes kyrkje, Åraksbø	kl. 16	Høgtidsgudsteneste

Advents- og jole arrangement (marked, fest, konsert og idrett) sjå side 16-18.

Vi håper att vi har fanga opp alt det fine som skjer i Bygland til jol!

VELKOMMEN TIL FAMILIEBADING!

Symjebassenget og badstoga på Bygland skule
tysdagar og fredagar kl. 17.00 -20.00

Familiebadinga er stengt i joleferien (22.12.-04.01.)

